



Svein Nyborg
Bønnesskogen 7
5152 Bønes

Dykkar ref. Vår ref. Saksbehandlar – tlf. Arkivkode Dato
2007/916 - 9072/2007 Knut Bjørnevoll - 56 37 56 24 102/99 14.05.2007

Delegert sak

Løyve til tiltak - bustad nybygg - Roar Mongstad - gbnr 102/99 Vabø

Vi viser til søknad om løyve til tiltak, motteken 18.04.2007 og vedlagt:
teikningar
situasjonsplan
søknad om lokal godkjenning av føretak
søknad om ansvarsrett
kvittering for sende/mottekne nabovarsel
kontrollerklæring for prosjektering

Saksutgreiing/Vurdering

Søknaden gjeld bygging av einebustad i uregulert bustadfelt. Privat vassverk og privat avløpsanlegg

Gebyr.

Gebyr for sakshandsaming vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ pkt. C.3.3.

C3.3. Søknadspliktige tiltak (Pbl§93)	
Basisgebyr. Tiltakskl.1.	7.800
Tilleggsgebyr, lite tilleggsarbeid	2.200
SUM	10.000

Vedtak:

Søknaden om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 93, vert godkjent i samsvar med innsende teikningar, planar og utgreiingar elles på følgjande vilkår :

1. Bygget skal plasserast i samsvar med situasjonsplan motteken 18.04.2007.
Kontroll av plassering skal utførast av kontrollansvarleg landmålar før arbeid med grunnmur/ringmur vert sett i gang, og **dokumentasjon med koordinatar og høgdeplassering skal sendast til kommunen omgåande** (PBL § 70 nr. 1).
2. Løyve til tilknytning til privat anlegg for vatn og avløp skal dokumenterast.

3. Tomta skal knytast til offentlig eller anna felles vass- og avløpssystem og eventuell overvassleidning **dersom dette vert utbygt i området**. Kommunen gjer merksam på at det kan verta kravd del av refusjon for anleggsutgifter til leidningar for vatn og kloakk. Storleiken på summen skal fastsetjast av kommunen.
4. Det skal sendast inn søknad om ansvarsrett for UTF/KUT for byggplassering

Tiltaket må ikkje takast i bruk før mellombels bruksløyve/ferdigattest er gjeve (pbl § 99).

I samsvar med Plan- og bygningslova § 93 jfr. § 95, vert det ikkje tillate å setja i gang arbeid **før punkt 2 og 4** i vedtaket er stetta.

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år (jf. Pbl. § 96).

Godkjenningar i samsvar med Pbl §§ 93 b, 98 og 98a.


Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

SØK		Svein Nyborg
PRO/KPR	Arkitektarbeid	Svein Nyborg
PRO/KPR	Berekning og konstr.arb.	Svein Nyborg
PRO/KPR	VVS-arbeid	Fana / Askøy Rørservice AS
UTF/KUT	Grunn- og terrengarbeid	R.Mongstad Bygg og Montering
UTF/KUT	Mur- og betongarbeid	R.Mongstad Bygg og Montering
UTF/KUT	Tømrararbeid	R.Mongstad Bygg og Montering
UTF/KUT	VVS-arbeid	Fana / Askøy Rørservice AS

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentlig forvaltning.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunnjevast.

Med helsing



Knut Bjørnevoll
sakshandsamar byggesak

Kopi til:
Roar Mongstad Øvre Kråkenes 79 5152 Bønes
VVA, teknisk drift, her